

Kva tyder diakonen for det lokale kyrkjelege velferdsarbeidet?

Samanhengen mellom diakonal profil og det å ha diakon i norske kyrkjelydar¹



OLAV HELGE ANGELL

angell@diakonhjemmet.no

Innleiing

Tema for artikkelen er Den norske kyrkja sitt lokale velferdsarbeid, det velferdsarbeidet som vert gjort i kyrkjelydane, gjerne leidd av diakonen der det finst. I artikkelen vil eg undersøkje kva det å ha diakon i ein kyrkjelyd har å seia for mønster av tenking om og praksis i kyrkja sitt velferdsarbeid, det vi kan kalle diakoniprofilar. Datagrunnlaget er ei spørjeskjemaundersøking til kyrkjelydane i Den norske kyrkja i 2004 om kyrkjelydsdiakonien, kva kyrkjelydane tenkjer om diakoni, og kva dei gjer i organiserte former. Undersøkinga har eksploratorisk karakter. Det finst lite av empirisk forskning om denne sida ved kyrkja sitt liv, og det finst lite teori.

Diakonen er ein gamal sosial posisjon i den kristne kyrkja. Opp gjennom historia har diakonen særleg ivaretatt to funksjonar, ein liturgisk, dvs. gudstenestleg, funksjon og ein velferdsfunksjon (Olson 1992). Då klostervesenet vaks fram, overtok klostra – dvs. munkane og nonnene – i stor grad ansvar for å ivareta velferdsbehova til dei fattige, dei sjuke og andre

trenjande (Olson 1992; Skarsaune 1976). I dei skandinaviske landa førte reformasjonen til at ansvaret for velferdsarbeidet lokalt anten vart lagt til presten eller til dei lokale offentlege styresmaktene (Brodd 1997; Kluge 1980). Pietismen på 1700-talet førte med seg eit fornya, indre-kyrkjeleg engasjement i velferdsspørsmål. Engasjementet vart institusjonalisert gjennom dei frivillige organisasjonane av lekfolk, som voks fram i Noreg etter 1840, etter inspirasjon frå Tyskland, men det var fyrst etter andre verdskrigen at diakonien byrja få fast form på lokalplanet i kyrkja. Då kyrkja sentralt arbeidde for å styrke lokaldiakonien som strukturelement i kyrkjeorganisasjonen i form av ein profesjonell diakon- eller diakoniarbeidarstilling på byrjinga av 1970-talet, vekte det skepsis i delar av samfunnet. To sider ved skepsisen var følgjande: 1) Gjennom profesjonelt utdanna diakonar involverer lokalkyrkjelyden seg inn på område som elles høyrer under den offentlege velferdsforvaltninga sitt domene. 2) Ved ei slik overlapping av arbeidsområde kan det lett oppstå ei spenning mellom offentleg ideologi om verdi-

nøytralitet og kyrkja sitt eksplisitt verdibaserte velferdsarbeid (Fæhn 2002). Denne prosessen er det rimeleg å sjå som eit uttrykk for ei modernisering i kyrkja i retning av funksjonell spesialisering og profesjonalisering.

I offentleg velferdspolitikkk er samarbeid mellom offentlege og frivilljuge aktørar vorte meir sentralt både i Noreg og i resten av Europa dei siste tiåra. I denne samanhengen kan kyrkja tenkjast å vera ein relevant samarbeidspartnar for den offentlege velferdssektoren. På lokalplanet er denne relevansen klart uttrykt i *Velferdsmeldinga* (St.meld. nr. 35 [1994–1995]).

Slik sett er diakonen si rolle som den som organiserer og leier kyrkjelyden sitt diakonale arbeid, interessant sett både frå kyrkjeleg og frå offentleg ståstad. I den nordiske verdistudien om folkekyrkjer og religiøs pluralisme (Gustafsson & Pettersson 2000) gav folk flest i både Noreg og dei andre nordiske landa høg grad av legitimitet til det kyrkjelege velferdsarbeidet (Gustafsson 2000; jfr. Sundback 2000).

Føreliggjande forskning om diakonrolla og kva den tyder for diakonien

Det er gjort lite av forskning om diakonrolla både i Noreg og i dei landa som det er naturleg å samanlikne Noreg med ved at dei er prega av ein luthersk tradisjon. Det gjeld særleg dei andre nordiske landa og Tyskland. Denne avgrensinga er relevant å gjera av di "diakonen" i andre kristne tradisjonar har andre funksjonar og ein annan plass i kyrkjestrukturen enn i den lutherske (Borgegård & Hall 1999; Hall 1992; Hartley & Buren 1999; Nordiska ekumeniska rådet 1995). I Skandinavia er det etter kvart ein god del empirisk forskning om diakoni. Denne forskinga handlar i mindre grad om diakonen si rolle og funksjonar. Det er særleg i Sverige det er gjort forskning som gjeld diakonar. Dei svenske studiane gjeld diakonar i Svenska kyrkan og omfattar m.a. diakonars yrkesidentitet (både kva dei tenkjer om eige yrke, og kva andre lokale kyrkjelege leiarar tenkjer om diakonen si yrkesrolle) og korleis dei opplever arbeidet sitt (Bäckström 1994; Lindgren 1992; Olofsgård 2003; Sandahl 1998). Inga forskning finst om kva diakonen tyder for den lokal dia-

konien. Slik sett er denne forskinga eit nybrottsarbeid, men Bäckström har studert korleis diakonar og andre lokalkyrkjelege leiarar meiner ulike aktivitetssområde og målgrupper vert prioriterte i det lokale kyrkjelege velferdsarbeidet i Svenska kyrkan (Bäckström 1994). Engel (2006) har studert det sosiale arbeidet innan Svenska kyrkan utan særskilt blick på diakonane og deira funksjonar. Ho finn m.a. at det å engasjere seg til beste for utsette og utstøytte grupper i samfunnet vert nedprioritert lokalt (Blennberger & Nilsson 1998; Engel 2008).

Omverd og oppgåver for diakonien i følgje kyrkja på nasjonalt nivå

"Diakoni" fekk sin fyrste offisielle definisjon i Den norske kyrkja i Plan for diakoni i Den norske kyrkja som vart vedtatt på Kyrkjemøtet 1987 (Kyrkjerådet 1988). Diakoniplanen og definisjonen av diakoni har seinare vorte revidert (Kyrkjerådet 2008). Sidan artikkelen gjer seg nytte av data samla inn i 2005, medan den førre definisjonen enno var den offisielle, legg eg den til grunn her. Diakoni er der definert som følgjer:

Diakoni er det medmenneskelege omsorgs- og fellesskapsbyggjande arbeidet til kyrkjelyden, og den tenesta som i særleg grad er retta mot menneske i naud.

Slik kyrkja på nasjonalt plan har utforma måla for det lokalkyrkjelege velferdsarbeidet, handlar det om ulike dimensjonar ved arbeidet (Kyrkjerådet 2002). For det eine handlar det om spesifikke målgrupper kyrkja særleg bør ha for auget: Det gjeld arbeid for å avdekkje og førebyggje vald og inkludering av funksjonshemma. For det andre handlar det om den politisk-kritiske funksjonen til kyrkja, "med særleg vekt på menneskerettigheter, fattigdomsbekjempelse og vern om skaperverket". For det tredje gjeld det interorganisatoriske relasjonar, samarbeid med andre nasjonale aktørar for å fremja internasjonal solidaritet. Kyrkjemøtet har formulert det slik:

Den norske kyrkja er kalla av Gud til å vere på lag med dei svake og utstøytte, peike på urett, lindre og overvinne naud. Den norske kyrkja skal vere ei

tenande kyrkje, ein diakonal fellesskap der menneske gir omsorg og finn omsorg. Kyrkja blir utfordra og utfordrar til forvaltarateneste i ei verd der livsmiljø og ressursar er trua, til kamp for rettferd der kløfta mellom rike og fattige aukar, og til handling for fred der menneske lever med urett og krig. (Kyrkjemøtet 2004a)

Diakonen i den lokale diakonien

Kyrkjeorganisasjonen har vorte modernisert gjennom aukande arbeidsdeling, spesialisering og profesjonalisering av arbeidet. For den lokale diakonien inneber det formelle krav til utdanning hos diakonane, ansvar for det diakonale arbeidet, men ikkje fagspesifikk kompetanse på kvart område av det sosiale feltet der diakonien – og diakonen – er meint å arbeide. Diakonen vert ei form for generalist i det diakonale arbeidet, med eit sett av allmenne dugleikar som gjeld evne til (sjølv)refleksjon, systematisk arbeid og med kunnskapar om helse- og sosiale problem, strategiar og tiltak for å førebyggja og ta seg av problema, og om velferds-systemet. Profesjonaliteten hos diakonen ligg i utdanninga og kvalifikasjonane for å drive profesjonelt helse- og/eller sosialarbeid, på like fot med dei som arbeider i den offentlege helse- og sosialsektoren. Denne sida ved profesjonaliteten kan koma til nytte i det praktiske diakonale arbeidet, ikkje minst i eit samarbeid med (andre delar av) velferdssystemet. Profesjonaliteten kan også koma til uttrykk i at diakonen har kunnskap nok til å kjenne grensene for eigen kompetanse og kunne vise vidare til relevante funksjonar.

I artikkelen spør eg om kva samanheng er det mellom diakonal profil – eller velferdsprofil – og det å ha diakon. I artikkelen vil eg ta for meg to dimensjonar ved diakonal profil, diakonisyn, dvs. kva kyrkjelydane tenkjer om kva velferdsarbeid som det er relevant for kyrkja å drive, og mønster av diakonal eller velferdspraksis. Med denne presiseringa kan vi reformulere forskingsspørsmålet på følgjande vis:

1. Kva forskjell gjer diakonen – og diakoniarbeidaren – når det gjeld diakonal identitet eller sjølvforståing i kyrkjelydane? Kva gjer det å ha diakon – eller diakoniarbeidar – eventuelt av forskjell når det gjeld i kor stor grad det er samsvar mellom prioriterte område i kyrkja på nasjonalt nivå og den lokale diakonien?

2. Kva forskjell gjer diakonen – og diakoniarbeidaren – når det gjeld kva diakonalt arbeid kyrkjelyden organiserer? I kva grad representerer diakonen ei kraft som støttar opp under tradisjonen, og i kva grad representerer diakonen ”fornyng”?

Om vi tolkar problemstillinga som uttrykk for årsak-verknadsrelasjonar, vil det vera vanskeleg å svare på det fyrste spørsmålet ved hjelp av det datagrunnlaget som vert brukt i artikkelen. Difor er forskingsspørsmålet formulert meir som eit spørsmål om ”korrelasjonar” enn av årsak-verknadsrelasjonar. I artikkelen vil eg ikkje gå inn på kva kyrkjelydane gjer i og for seg, altså skildre og vurdere den organiserte diakonale praksisen som fenomen, og kva typar av arbeid kyrkjelydane i Den norske kyrkja prioriterer, men konsentrere meg om på kva praksisområde det å ha diakon (og diakonarbeidar) gjer ein forskjell (og område der dei ikkje gjer ein forskjell).

Sidan data gjev berre grunnlag for korrelasjonar, opnar det for at dei statistiske samanhengane vi finn mellom det å ha diakon eller ikkje, og kva kyrkjelydane gjer i praksis, kan henge saman med at den profilen kyrkjelydane har i arbeidet sitt, aukar eller minkar sjansen for at dei har diakon. Det å ha diakon kan då vera ein måte kyrkjelydane bruker for å styrke profilen i det arbeidet dei alt gjer, eller som dei ynskjer å gjera. Sett i eit lengre tidsperspektiv kan ein kyrkjelyd t.d. ha tilsett diakon for å styrke det diakonale arbeidet meir allment. Diakonen kan ha bidrege til å auke det generelle engasjementet for diakoni i kyrkjelyden, gitt engasjementet ei bestemte retning i den praktiske orienteringa og lagt grunnen for ein diakonal profil i kyrkjelyden som seinare kan vera utgangspunkt for ny rekruttering av diakon om den fyrste har slutta. Diakonen kan bidra til å styrke det allmenne, diakonale engasjementet i kyrkjelyden, til å styrke arbeid som kyrkjelyden alt er engasjert i, til å utvikle nytt arbeid – etter initiativ frå kyrkjelyden eller diakonen.

I tillegg er det rimeleg å tru at kyrkjelydane vert påverka av endringar i dei omgivnadane dei er ein del av; demografiske og andre strukturelle endringar, sosiale, kulturelle, politiske og økonomiske tilhøve – auka tilflytting av barne-

familiar eller av flyktningar, nedlegging av viktige arbeidsplassar eller endringar av prioriteringar i lokalpolitikken endringar som også kyrkjelyden vil kunne oppleve som relevante for arbeidet sitt. Det å ha ein diakon tilsett i kyrkjelyden, ein person knytt til ei stilling med spesiell merksemd retta mot tilhøva i lokalsamfunnet og endringar i dei, vil truleg auke sjansen for at den typen endringar eg har nemnt, vil ha følgjer for det arbeidet kyrkjelyden organiserer.

Finst det alternative funksjonar (funksjonelle ekvivalentar) til diakonen i kyrkjelyden og i lokalsamfunnet elles? I kyrkjelydssamanheng er diakoniarbeidar eit alternativ til diakon. Ein diakoniarbeidar har eit særskilt ansvar for det diakonale arbeidet, men utan å ha utdanning som kvalifiserer for posisjonen som diakon. For den perioden eg studerer i denne artikkelen, tyder det ofte at diakoniarbeidaren ikkje hadde formell utdanning

For ein kyrkjelyd inneber det å ha ein av dei to posisjonane at det er nokon i staben som har eit særleg ansvar for det diakonale arbeidet. Det diakonen representerer i tillegg, er velferdsfagleg profesjonsutdanning og teologisk-diakonal tilleggsutdanning. Dessutan regulerer tenesteordninga i nokon grad oppgåvene som ligg til stillinga (Kyrkjemøtet 2004b). Økonomisk kan det vera rimelegare for ein kyrkjelyd å tilsetja ein diakoniarbeidar enn ein diakon. I praksis kan det vera slik at ein kyrkjelyd som utlyser stilling for diakon, men som ikkje får kvalifiserte søkjarar, kan tilsetja diakoniarbeidar i staden (om det finst søkjarar til slik stilling). Sidan diakoniarbeidar ikkje er ei offisiell stilling i kyrkja, er den heller ikkje regulert, og det er uklart kva oppgåver diakoniarbeidaren i praksis varetek.

Det manglar systematiske studiar av kva den teologisk-diakonale tilleggsutdanninga gjer med studentane, men det er ikkje urimeleg å tru at dei som byrjar på studiet, er godt motiverte for studiet, og at denne motviseringa vert stimulert, reflektert og styrka i medvitet i laupet av studiet (jfr. Caspersen 2005; Rognstad 2006). Såleis kan det vera at sjølv i tilfelle der diakonar og diakoniarbeidarar har nokolunde same grunnutdanning, kan tilleggsutdanninga diakonane har fått, bidra til kunnskap, reflektert medvit og

handlingsorientering når dei kjem ut i kyrkjelydsarbeid, som kan gi seg utslag i det praktiske arbeidet i kyrkjelydane og gjera ein forskjell mellom kva diakonen tyder, og kva diakoniarbeidaren tyder for det organiserte diakonale arbeidet på lokalt plan. Tenesteordninga for diakonar, som i nokon grad definerer oppgåvene som ligg til stillinga (Kyrkjemøtet 2004b), kan bidra i same retninga. Problemet for diakonar sett i eit profesjonsperspektiv kan vera at dei i mange tilfelle manglar spesifikk kompetanse på område som den lokale diakonien er engasjert på (Engel 2006; Olofsgård 2003).

Metode og materiale

Materialet for artikkelen er henta frå ei undersøking av diakoni på lokalnivået i Den norske kyrkja (Angell & Selbekk 2005). Ei kartlegging av kyrkjelydsdiakonien i Den norske kyrkja vart gjennomført ved hjelp av eit spørjeskjema som vart sendt til alle kyrkjelydane i Den norske kyrkja utanom Tunsberg, til saman 1190 kyrkjelydar. Vi fekk svar i form av utfylte skjema frå 648 kyrkjelydar. Det gir ein svarprosent på 54. Det aktualiserer spørsmålet om kor representativt utvalet er for populasjonen som var vårt utgangspunkt. Dei få variablane vi kunne bruke i ei slik vurdering, gav ikkje inntrykk av at utvalgsfordelingane var skeive samanlikna med fordelingane i populasjonen. Ei liknande undersøking vart gjort i Tunsberg bispedømme i 2004 (Angell & Kristoffersen 2004). Den meir omfattande undersøkinga byggjer på røynslene frå Tunsberg, men dei to undersøkingane var likevel lagde opp slik at det berre i avgrensa grad er mogleg å integrere data frå dei to til eit heile. I oversendingsbrevet bad vi om at dagleg leiar (eller sekundært soknepresten) fylte ut skjemaet. Vi la vekt på at utfyllinga ikkje vart delegert til eventuell diakon. På den måten ynskte vi å kartleggja diakonisyn og praksis slik dei vert definerte og skildra på eit overordna nivå i kyrkjelyden av den som i det daglege er sett til å vareta kyrkja sitt oppdrag i soknet (Angell & Selbekk 2005:30).

I artikkelen er det lagt vekt på to hovuddimensjonar i undersøkinga; den *ideologiske dimensjonen* (diakonisyn eller oppfatningar om kva som er viktig diakonalt arbeid på lokal-

planet) og *aktivitets- eller praksisdimensjonen* (type aktivitet, målgruppe og bruk av frivillige) for å få vite noe om tenking og om mangfaldet av organisert arbeid og organiseringa av det. Informasjonen som vart samla inn, seier noko om kva for diakonal verksemd som finst i kyrkjelydane, men ikkje kva omfang dei har. Det tyder at eg har informasjon om ulike former for eldrearbeid i kyrkjelydane, men ikkje kor mykje ressursar som vert brukt i arbeidet. Det er ein veikskap ved materialet. I den grad det er rimeleg å tale om prioriteringar i den aktuelle diakonale verksemda i kyrkjelydane, er det såleis berre mogleg å undersøkje det på aggregatnivå i form av kor stor del av kyrkjelydane som organiserer ein viss type arbeid. Spørjeskjemaet vart utforma på grunnlag av gjeldande Plan for diakoni i Den norske kyrkja (Kyrkjerådet 1997). Målet var å inkludere alle dimensjonane som er nemnde der: materielt livsgrunnlag og sosial rettferd, kontakt og fellesskap, sjelesorg og helse- og omsorgsarbeid.

For å analysere materialet har eg brukt multivariate teknikkar, i praksis ulike former for regresjonsanalyse. Lineær regresjonsanalyse er brukt i dei tilfella dei avhengige variablane er tilnærma kontinuerlege. Logistisk regresjon er brukt når dei avhengige variablane er dikotome. Det gjeld særleg i tilfelle der praksis- eller aktivitetsvariablar er avhengige. Verdiane er ja og nei (føre kjem aktiviteten, eller gjer den det ikkje).

I dataanalysen har eg valt å bruke ein modell som omfattar meir enn diakon- og diakoniarbeidarvariablane som uavhengige variablar. Dei to variablane forklarar svært lite av variansen i dei avhengige variablane eg bruker i analysen. Soleis har eg hatt eit ynskje om å kombinere det å bruke ein modell som betre

forklarer denne variansen, med ynsket om å gjera den enkel. Dei variablane som er lagde til i modellen, er folketalet i kommunen, kor mange prestar det er i kyrkjelyden, kor mange personar som alt i alt er involvert i det diakonale arbeidet (tilsette og frivillige), og om kyrkjelyden har barne- og ungdomsarbeidar. Dette er alle variablar som kan vera relevante når det gjeld å forklare forskjellar i det lokale, kyrkjelege velferdsarbeidet, kyrkjelydsdiakonien.

Resultat

Av dei 648 kyrkjelydane i utvalet, hadde 223 diakon eller ungdomsdiakon (sjå Tabell 1). Dei aller fleste kyrkjelydane som hadde diakon, mangla diakoniarbeidar og omvendt. Totalt sett var det langt fleire kyrkjelydar med diakonen enn med diakoniarbeidar. I alt 288 kyrkjelydar av dei 648 i utvalet hadde diakon eller diakoniarbeidar.

I alt fanst det rundt 270 stillingar for diakonar og ungdomsdiakonar i norske kyrkjelydar i 2004². Det inneber at det om det var ei slik stilling per kyrkjelyd i dei kyrkjelydane som utvalet omfattar, ville utvalet vera ganske skeivt. I den vidare framstillinga har eg ikkje skilt mellom kyrkjelydar med diakon i avgrensa mening og ungdomsdiakon. I analysane og i teksta vil eg bruke fellesnemninga diakon for begge når ikkje anna er spesifisert.

Diakonal identitet eller diakonisyn

Kva tenkjer kyrkjelydane om diakoni? I staden for å byrja med ein definisjon av diakoni og så bruke den på det som går føre seg i og rundt kyrkjelyden, kan vi starte nedanfrå, med kva kyrkjelydane sjølve tenkjer om diakoni (Bäckström 1994; Jeppsson Grassman 2001).

Tabell 1. Kyrkjelydar med diakon/ungdomsdiakon og/eller diakoniarbeidar (N=648).

		Diakoniarbeidar		Total (N)	Prosent
		Nei	Ja		
Diakon/ungdomsdiakon	Nei	360	65	425	66
	Ja	204	19	223	34
Total (N)		564	84	648	
Prosent		87	13		100

Diakoniforståing i kyrkjelydane vart utforska ved at dei fekk seg førelagt ei omfattande liste med aktivitetar som på førehand vart vurderte som relevante i kyrkjeleg samanheng, anten for diakonien eller i samanheng med kyrkja sitt oppdrag meir allment (Kyrkjerådet 1997, 2002). Kyrkjelydane vart bedne om å ta stilling til kor viktige dei syntest aktivitetane er som diakoni eller i ein diakonal samanheng. Svarfordelingane tente som utgangspunkt for å konstruere eit sett diakoniprofilar. Resultatet av den eksplorerande faktoranalysen som førte gav profilane som resultat, er vist meir detaljert i appendikset til slutt i artikkelen. Fire profiler aroteikna seg i datamaterialet:

1. politisk og naudsorientert diakoniprofil.
2. kyrkjeorientert diakoniprofil.
3. omsorgsorientert diakoniprofil.
4. institusjonsorientert diakoniprofil.

Desse profilane har trekk til felles med dei prioriteringsprofilane Bäckström fann i si undersøking av den lokale diakonien i Svenska kyrkan (Bäckström 1994). Den fyrste, den *politiske og naudsorienterte*, profilen er kjenne-teikna av to klare dimensjonar, ein krise- og naudsorientert dimensjon og ein politisk, internasjonalt orientert dimensjon. Under den fyrste dimensjonen høyrer det å drive krisetelefon, arbeid blant flyktingar og asylsøklarar og blant sosialt utstøytte. Under den andre dimensjonen høyrer det å engasjere seg i bistand og bistands-spørsmål, i arbeid for menneskerettar og rettviss fordeling av goda i verda og i miljøspørsmål.

Den andre, *kyrkjeorienterte*, profilen er kjenne-teikna av aktivitetar som i relativt stor grad kan seiast å være religiøst orienterte, å skipe til bønegrupper, alfakurs eller -grupper, drive barnegrupper og songkor for barn, men også institusjonsbesøk. På den måten er det rimelig å tolke denne profilen som meir retta mot trusdimensjonen i religionen enn dei andre profilane i ein kombinasjon av "tru og liv", også ved å trekkje det diakonale perspektivet inn i gudstenesta (sjølv om dette aspektet ikkje eksplisitt er trekt inn i den ideologiske sida ved undersøkinga).

Assosiert med den *omsorgsorienterte* er det å drive besøksteneste for dei som er åleine eller er sjuke, organisere sorggrupper, drive opp-

søkjande sosialt arbeid, arbeid blant personar som har problem med rusmiddelbruk, skipa til eldretreff, ungdomsdiakonale tiltak – inkludert diakonale grupper i samband med konfirmandundervisinga – og også diakonalt orienterte gudstenester. Arbeidet som høyrer saman med denne profilen, er primært lokalt omsorgsorientert.

Den fjerde profilen, som vi har kalla *institusjonsorientert* diakoni, høyrer saman med verksemdar som det å drive eldresenter og barnehage. Dette er eit arbeid som elles er rekna som eit offentleg ansvar i den norske eller nordiske velferdsmodellen.

Med utgangspunkt i disse profilane kan vi slutte at diakoni ikkje er et eintydig omgrep for kyrkjelydane. Det er eit omgrep som rommar mange dimensjonar som kyrkjelydane legg ulik vekt på. Likevel er det ikkje slik at vi på eintydig vis kan tilordne den einsskilde kyrkjelyden i utvalet ein bestemt diakoniprofil av dei fire som er introduserte her. Undersøker vi kor mykje de ulike profilane har å seia for kva kyrkjelydane meiner at diakoni handlar om, finn vi at vi best kan karakterisere dei ved hjelp av fleire profilar, men at ikkje alle tyder like mykje.

Kva påverkar den diakonale orienteringa, det vi kan kalle diakonisyn eller ideologisk diakoniprofil, til kyrkjelydane målt på denne måten? I vår samanheng er det mest nærliggjande å spørja etter kva det å ha diakon og/eller diakoni-arbeidar har å seia. Diakonen er ein fagperson som vil bære med seg perspektiv og oppfatningar som, i alle høve til dels, vil vera påverka av den sosialiseringa som utdanninga inneber og som i sin tur kan tenkjast å påverke korleis kyrkjelyden oppfattar kva diakoni handlar om. Korleis kyrkjelyden tenkjer om diakoni, kan også påverke sjansen for at den har diakon eller ikkje. Undersøker vi kva statistisk samanheng det er mellom det å ha diakon og/eller diakoniarbeidar og ideologisk diakoniprofil, når vi bruker den analysemodellen som eg presenterte i metodeavsnittet, får vi følgjande resultat:

Tabell 2. Kva det å ha diakon/diakoniarbeidar tyder for diakonisyn i kyrkjelydane, lineær regresjon med faktorskårar som avhengige variablar (N= 502).

Avhengige variablar	Modell sign.	Diakon			Diakoniarbeidar		
		B	Std.feil	Beta	B	Std.feil	Beta
Politisk og naudsorientert profil	.165	.248	.101	.117*	.174	.135	.059
Kyrkjeleg orientert profil	.000	.467	.098	.218***	.309	.131	.103*
Omsorgs- og fellesskapsorientert profil	.003	-.161	.101	-.075	-.277	.135	-.093*
Institusjonsorientert profil:	.087	-.125	.101	-.059	.070	.134	.024

* p < 0,05 *** p < 0,001

For tre av dei fire profilane er det slik samanheng. I denne samanhengen kan eg nemne at når det gjeld den politiske og naudsorienterte profilen, er det berre diakonvariabelen av dei variablane som inngår i modellen, som gir statistisk signifikant bidrag – sjølv om modellen som heilskap ikkje er statistisk signifikant som det går fram av tabellen. Det at modellen ikkje er signifikant, inneber at det er andre tilhøve enn dei som – i tillegg til det å ha diakon – spelar inn for om kyrkjelydar er kjenneteikna av ein slik ideologisk profil. Tilsvarende er ein institusjonsorientert ideologisk profil heller ikkje knytt til det å ha diakon eller diakoniarbeidar. Det er nok rimeleg og å vente sidan institusjonsorientering i teorien truleg er knytt til det å drive institusjonar i praksis. I så måte er det rimeleg å tru at det er ein lenger tradisjon enn det å ha diakon eller diakoniarbeidar. Ein slik tradisjon er dessutan kjenneteikna av at institusjonar er "treg materie" som ein kyrkjelyd verken lett etablerer eller kvittar seg med.

Elles er det verdt å merke seg samanhengen mellom det å ha diakon og å vera kjenneteikna av eit kyrkjeleg orientert diakonisyn. Det å ha diakon er statistisk sett knytt både til det å ha ein politisk og naudsorientert, så vel som ein kyrkjeleg orientert profil. Men som eg har kommentert tidlegare, er det ikkje enkelt å spesifisere årsakssamanhengar. Ein kan tenkje seg både at kyrkjelydar med desse to profilane tiltrekkjer seg diakonar, og at dei er i stand til og aktive i å tilsetja diakon. På den andre sida kan vi tenkje at diakonar, som fagpersonar, er berarar av eit moralsk og sosialetisk engasjement som kan påverke tenkinga om diakoni

i kyrkjelyden over tid. Tabell 2 viser at for omsorgs- og fellesskapsprofilen tyder det å ha diakoniarbeidar noko, men ikkje det å ha diakon. Dessutan er det verdt å merke seg at for diakoniarbeidaren er koeffisientane negative. Det vil seia at dei kyrkjelydane som har diakoniarbeidar, har lågare faktorskåre på denne faktoren enn dei som ikkje har diakoniarbeidar, uavhengig av om dei har diakon eller ikkje. Det er ikkje godt å seia korleis denne samanhengen er å forstå utan andre typar av data.

Det er veikare statistisk samanheng mellom det å ha diakoniarbeidar og velferdsorientering eller diakonisyn. Profesjonsutdanninga som diakonane har, bidreg til refleksjon om verdjar, om kyrkja sitt verdigrunnlag og spesielt verdigrunnlaget for diakonien. I den perioden vi har data for, er det difor rimeleg å vente at det å ha diakon gjer ein større forskjell enn det å ha diakoniarbeidar.

Går vi nærmare inn i data, finn vi at det særleg er ved slikt arbeid som det å engasjere seg i spørsmål om naud og urettvise lokalt og nasjonalt, når det gjeld internasjonalt engasjement og solidaritet, det å drive ulike former for krisearbeid, organisere og drive besøksteneste og å knyte gudstenesta til det diakonale arbeidet at det å ha diakon gjer ein forskjell (sjå appendikset). Av dei påstandane der det å ha diakon eller diakoniarbeidar ikkje gjorde forskjell, var t.d. i synet på det å drive arbeid blant flyktningar/asylsøklarar, drive politisk påverknad for helse- og/eller sosialreformer og det å arbeide med miljøspørsmål.

Mønster av diakonal praksis

Er det samsvar mellom teori og praksis, mellom velferdsorientering, diakonisyn eller verddivurderingar på den eine sida og kva typar diakonalt arbeid kyrkjelydane organiserer på den andre? Kva tyder diakonen (og diakoniarbeidaren) for den praktiske diakonien, det praktiske velferdsarbeidet? I Tabell 3 har eg vist dei typane av diakonalt arbeid der det å ha diakon eller diakoniarbeidar påverkar sjansen for at arbeidet finst (eller ikkje finst). Eg har organisert dei forskjellige verksemdene eller funksjonane med utgangspunkt i dei profilane eg presenterte i

avsnittet om diakonisyn i kyrkjelydane. På den måten er det mogleg på ein oversiktleg måte å sjå kva for dimensjonar av diakoni diakonen (og diakoniarbeidaren) særleg bidreg til å påverke. Lista over aktuelle aktivitetar eller funksjonar som kyrkjelydande vart presenterte for i spørjeskjemaet, var meir detaljert og omfattande enn dei "variablane" som var utgangspunkt for å konstruere dei diakonale profilane ovanfor (Angell & Selbekk 2005).

Tabell 3 viser for det eine at for mange typar av diakonal verksemd bidreg det å ha diakon til å auke sjansen for at kyrkjelyden driv den verk-

Tabell 3. Kva det å ha diakon/diakoniarbeidar tyder for kyrkjelydsdiakonien i praksis knytt til dimensjonar ved diakoniprofil i kyrkjelydane, logistisk regresjon (N= 608).

Aktiviteter	Diakon		Diakoniarbeidar		Prosent av kyrkjelydane m/verksemda
	B (S.E.)	Exp(B)/ odds ratio	B (S.E.)	Exp(B)/ odds ratio	
<i>Politisk og naudsorientert diakoni:</i>					
Kontakt- og fellesskapsarbeid retta mot flyktningar og innvandrarak	.968 (.237)	2.633***	-.048 (.343)	.953	17
Kyrkjelyden har KN-kontakt	.728 (.267)	2.071**	.147 (.336)	1.158	81
Tilbod om praktisk hjelp, solidarisk støtte, oppsøkjande arbeid til dei som har det vanskeleg	.536 (.216)	1.709*	.664 (.272)	1.942*	24
<i>Kyrkjeleg orientert diakoni:</i>					
Diakonien dag i 2004	1.804 (.215)	6.076***	1.016 (.285)	2.762***	31
Gudstenester med diakonalt fokus	1.030 (.195)	2.800***	.176 (.264)	1.192	48
Organisert tilbod om sjelesorg (utover prest)	2.100 (.272)	8.170***	.885 (.342)	2.424*	17
Bønnefellesskap	.599 (.197)	1.820**	.243 (.268)	1.275	45
Diakonale grupper/grupper for konfirmantar	.560 (.209)	1.750**	-.778 (.347)	.459*	24
Bibelgrupper/husfellesskap	.386 (.191)	1.472*	-.007 (.258)	.993	52
Diakonale oppgåver knytt til gudstenesta	.509 (.353)	1.664	2.164 (1.021)	8.708*	91
<i>Omsorgs- og fellesskapsorientert diakoni:</i>					
Kontakt- og fellesskapsarbeid retta mot: ungdom	.851 (.205)	2.342***	.239 (.274)	1.271	56
familiar	.774 (.204)	2.168***	.401 (.274)	1.493	32
eldre	.564 (.236)	1.757*	.861 (.359)	2.365*	71
barn	.256 (.220)	1.292	.924 (.351)	2.520**	72
somatisk sjuke	1.247 (.207)	3.482***	.501 (.274)	1.650†	31
einsame og/eller sørgjande	1.505 (.235)	4.505***	1.233 (.329)	3.432***	65
rusavhengige	1.053 (.340)	2.865***	.645 (.399)	1.907	8
psykisk utviklingshemma	1.015 (.215)	2.759***	1.228 (.269)	3.413***	27
personar med psykiske lidingar/sjølvmordstruga	2.093 (.277)	8.109***	.435 (.364)	1.544	17
andre og/eller på tvers av alders- og livssituasjon	.768 (.280)	2.155**	.253 (.367)	1.287	12
Kyrkjelyden besøker psykiatriske institusjonar	1.114 (.394)	3.046**	.652 (.498)	1.918	5
<i>Institusjonsorientert diakoni:</i>					
Driver omsorgsinstitusjonar	1.043 (.291)	2.838***	-.496 (.369)	.295	2
Driver barnehagar	1.140 (.306)	3.125***	-.507 (.382)	.602	11

† p < 0,10 * p < 0,05 ** p < 0,01 *** p < 0,001

senda. For det andre finn vi at for den praktiske diakonien er det det å ha diakon som tyder noko, i langt større grad enn det å ha diakoniarbeidar. Det å ha diakon aukar sjansen for dei aller fleste av dei aktivitetane eller den typen arbeid som vi spurde kyrkjelydane om i spørjeskjemaet.

Med utgangspunkt i Tabell 3 er det rimeleg å tolke mønsteret i dei kolonnane som gjeld det å ha diakon, som eit uttrykk for at diakonen gjer størst forskjell i kyrkjelydane der arbeidet i større og mindre grad vert vurdert til å krevja profesjonelle kvalifikasjonar. Det handlar om arbeid knytt til menneske som slit med psykiske lidingar, sjølvordstruga og slike som ynskjer sjelesorg, men også arbeid retta mot somatisk sjuke, einsame og/eller syrgjande, flyktningar og innvandrarak og familiar. Dei siste kan vi tenkje ikkje utan vidare krev profesjonelle kvalifikasjonar for å utføre. Men kan hende krev det meir av faglege føresetnadar for å leia arbeidet på ein god måte.

På den kyrkjelege dimensjonen kan vi tenkje oss at det å ha diakon inneber å ha ein medarbeidar i den kyrkjelege staben, som i større grad enn dei andre er opptatt av å gjera diakonien og det diakonale oppdraget på ulike måtar synleg også i gudstenestesamanheng. Eit meir indirekte uttrykk for kva diakonen tyder som fagperson, kan vi finna ved å samanlikne kva typar arbeid det å ha diakoniarbeidar gjer ein tilsvarande forskjell. Analysen viser at det i liten grad er overlapping mellom områda der det å ha diakon og det å ha diakoniarbeidar gjer ein vesentleg forskjell frå det ikkje å ha det. Reint allment gir analysen som resultat at det å ha diakoniarbeidar gjer ein mindre forskjell enn det å ha diakon. Dei områda der det å ha diakoniarbeidar gjer størst forskjell, er fellesskapsbyggjande arbeid retta mot psykisk utviklingshemma, einsame og/eller syrgjande, visse typar av vaksenarbeid, arbeid retta mot barn og mot eldre. Skilnadane i det vi kan kalle "forskjellsprofilar" når det gjeld diakonar og diakoniarbeidarar, kan tyde på at det er diakonane som fagpersonar vel så mykje som organisatorar som gjer den største forskjellen.

Med den modellen eg har brukt i regresjonsanalysane, er det visse typar av engasjement

som er undersøkt (som avhengige variablar), der diakon og diakoniarbeidar ikkje gjer nokon forskjell. Det gjeld ikkje minst engasjement knytt til kampen for rettferd og solidaritet, miljøspørsmål og det å delta som aktør i det offentlege rommet, t.d. i media, i demonstrasjonar eller liknande, i laupet av det siste året før undersøkinga vart gjennomført. Til gjengjeld viser det seg at prestane påverkar denne sjansen på ein signifikant måte. Aukande presteressurs i kyrkjelyden aukar sjansen for at kyrkjelyden har deltatt politisk i det offentlege rommet målt på den måten eg har gjort greie for. Det gjeld altså uavhengig av kommunestorleik. Det er få kyrkjelydar som svarer at dei har hatt slike former for engasjement.

Konklusjon

Det å ha diakon i ein kyrkjelyd tyder ein god del for det organiserte praktiske velferds- eller diakonale engasjementet i kyrkjelyden. Dette gjeld for arbeidet knytt til alle fire dimensjonane eller profilane. Tilsvarande gjeld også for det å ha diakoniarbeidar, men i mindre grad.

Med utgangspunkt i Tabell 3 er det rimeleg å tolke mønsteret i dei kolonnane som gjeld det å ha diakon, som eit uttrykk for at diakonen gjer størst forskjell i kyrkjelydane i samband med slikt arbeid som i større og mindre grad vert vurdert til å krevja profesjonelle kvalifikasjonar. Det å ha diakon tyder klart meir for praksis enn for teori i form av diakonisyn eller velferdsorientering, i alle høve det som kjem til uttrykk i undersøkinga artikkelen er basert på. Det kan henge saman med at medan diakonen leier det praktiske arbeidet og såleis har direkte innverknad på kva som skjer i kyrkjelyden, har nok han/ho mindre innverknad på tenkinga om diakoni. Både kan det vera slik at tenkinga er relativt tradisjonell av di det diakonale arbeidet i liten grad er tematisert på eit kollektivt plan i kyrkjelyden, og det kan vera at diakonen nettopp er tilsett ut frå (meir eller mindre klare) førestillingar om kva som er viktig diakonalt arbeid i kyrkjelyden. Kva tenkinga enn er, vil det ofte vera slik at ein diakon kjem til ein kyrkjelyd med visse etablerte praksisar (tradisjonar) som det er venta at han/ho følgjer opp. Men det at det tross alt er ein viss statistisk samband mellom det å

ha diakon og diakonisynet i kyrkjelyden, kan også vise til at kyrkjelydar kan tilsetja diakon med tanke på å styrke det diakonale arbeidet utan at leiarane (og soknerådet) har klare tankar om kva det skulle innebera. Då kan det vera at diakonen vert overlate både tenking og praksis. I slike situasjonar vil diakonen truleg lett kunne påverke diakonisynet i kyrkjelyden – om det vert gjort til tema for drøftingar i det heile.

I byrjinga av artikkelen siterte eg frå dokumentet "Den norske kyrkjas identitet og oppdrag" det som handlar om diakoni (Kyrkjemøtet 2004a). Er det slik at diakonen og/eller diakoniarbeidaren bidreg vesentleg til å realisere dette oppdraget? For det eine er det nødvendig å konkretisere oppdraget og tilpasse det det lokale nivået. For det andre må kyrkjelydane – inkludert diakonane og diakoniarbeidarane – sjå oppdraget i samanheng med kva som er stoda i det lokalsamfunnet kyrkjelyden er ein del av. Når det er sagt, vert konklusjonen at det å ha diakon i ein kyrkjelyd bidreg til at kyrkjelyden aukar sjansen for å leva opp til sentrale forventingar til det diakonale oppdraget slik det har vorte formulert på sentralt hald i kyrkja. Når det gjeld å inkludere utsette og marginale grupper i samfunnet (psykisk sjuke, rusavhengige, flyktningar og innvandrarakar, einsame) bidreg diakonen til å auke sjansen for at det skjer. Såleis kan vi seia at det å ha diakon bidreg til "fornying" i det lokale diakonale arbeidet. Det er mindre klart når det gjeld diakoniarbeidaren. Dette arbeidet er det rimeleg å tenkje som teologisk sett avleidd av den fyrste trusartikkelen om Gud som skapar av alle ting og gjeld alle menneske uavhengig av tru. Det er utoverretta arbeid av allmenn karakter. På den andre sida bidreg diakonen til å auke sjansen for det eg har kalla kyrkjeleg orientert diakoni. Dette arbeidet er fyrst og fremst å forstå som innoverretta, mot trusfellesskapet. Det handlar både om å vedlikehalde kyrkjelyden som plausibilitetsstruktur (Berger 1969) og å gjera den gudsteneste-feirande forsamlinga medveten om det diakonale aspektet og dei diakonale utfordringane ved kyrkja sitt oppdrag. Vennleg tolka kan det vera ein måte å bidra til å styrke det diakonale engasjementet på i kyrkjelydane ved å sjå diakonien som ein sentral og integrert del av kyrkja

sitt oppdrag i verda.

Det å ha diakon (eller diakoniarbeidar) bidreg ikkje til å auke sjansen for at det diakonale oppdraget, slik det er gitt på nasjonalt nivå, vert realisert lokalt på alle område. Eg har ovanfor peika på at når det gjeld engasjement knytt til kampen for rettferd og solidaritet, når det gjeld miljøspørsmål og det å delta som politisk aktør i det offentlege rommet, så synest diakonen og diakoniarbeidaren å tyde lite for det som skjer – eller rettare, det som ikkje skjer – i kyrkjelydane. Det er interessant å merke seg at i den grad den kyrkjelege staben påverkar sjansen for slikt engasjement, synest det å vera knytt til prestane meir enn til diakonen. Dette funnet er i samsvar med andre, meir avgrensa lokalsamfunnsstudiar (Angell 2007, 2010). Diakoniar synest i liten grad å vera viljuge til å "stå på barrikadane og ta ansvar" på denne måten, ved å vera "kritisk røyst" i det offentlege rommet.

Denne artikkelen baserer seg på eit data-materiale som fyrst og fremst gir grunnlag for ein eksplorerande studie av kyrkjelydsdiakonien og diakonen si rolle. Dei tendensane som kjem fram i materialet, treng å verta undersøkte nærmare i andre former for undersøkingar. Det inneber at det ligg til rette for å forske vidare på dei tema som er tatt opp i artikkelen. I tillegg er det kome ny plan for diakoni sidan informasjonen til denne artikkelen vart samla inn. Å følgje opp denne studien på eit seinare tidspunkt når den nye planen har fått verka ei tid, kan også vera interessant for å undersøkje kva slike planar har å seia for det diakonale arbeidet på lokalplan.

Vi kan tenkje oss at kyrkjelydsdiakonien og diakonen kan få ei viktigare rolle å spele i samfunnet i tida framover. Tradisjonen med å organisere omsorgsarbeid vil truleg få stadig større relevans stilt overfor dei oppgåvene velferdsstaten er venta å ta på seg, ikkje minst i samband med auken i talet på gamle menneske og dermed med auka behov for pleie og omsorg.

Litteraturliste

- Angell, Olav Helge (2007): "Church-based welfare and public religion", i *Nordic Journal of Religion and Society*, 20, 2, 179–193.
- Angell, Olav Helge (2010): "Sacred welfare agents in secular welfare space – the case of the Church of Norway in Drammen", i Bäckström, Anders & Davie, Grace (red.):

- Welfare and religion in 21st century Europe, Volume 1: Re-configuring the connections*, Aldershot: Ashgate, s. 89–115.
- Angell, Olav Helge & Kristoffersen, Anne Schanche (2004): *Diakoni og frivillig engasjement i menighetene: menighetsdiakonien i Tunsberg bispedømme*, Oslo: Diakonhjemmet høgskole, Avdeling for forskning og utvikling.
- Angell, Olav Helge & Selbekk, Anne Schanche (2005): *Kirke og helse: Kartlegging av diakonalt helsearbeid innen Den norske kirke*, Oslo: Diakonhjemmet høgskole, Avdeling for forskning og utvikling.
- Berger, Peter L. (1969): *The sacred canopy: elements of a sociological theory of religion*, New York: Anchor Books / Doubleday.
- Blennerberg, Erik & Nilsson, Gert (1998): *Diakonins identitet: diakoninstitusjoners identitet og inriktning med fokus på Stiftelsen Stora Sköndal*, Stockholm: Stiftelsen.
- Borgegård, Gunnell & Hall, Christine (red.) (1999): *The ministry of the deacon: Anglican-Lutheran perspectives* (bd. 1), Uppsala: Nordic Ecumenical Council.
- Brodd, Sven-Erik (1997): "Diakonin genom kyrkans historia: fem ekklesiologiske modeller", i Brodd, Sven-Erik, Eckerdal, Per, Grönqvist, Vivi-Anne, Laghé, Birgitta & Lindström, Lars G. (red.): *Diakonins teologi*, Stockholm: Verbum, s. 11–44.
- Bäckström, Anders (1994): *För att tjäna: en studie av diakoniuppfattningar hos kyrkliga befattningshavare*, Uppsala: Svenska kyrkans centralstyrelse.
- Caspersen, Joakim (2005): *Kallet eller dannet? Motivasjon og yrkessosialisering hos sykepleiere og lærere*, Masteroppgave i sosiologi, Universitetet i Oslo.
- Engel, Charlotte (2006): *Svenska kyrkans sociala arbete – för vem och varför? En religionssociologisk studie av ett diakonalt dilemma [The welfare work of the Church of Sweden – for whom and why? A dilemma for diaconia in a sociology of religion perspective]*, Sköndal: Ersta Sköndal högskola Forskningsavdelningen.
- Engel, Charlotte (2008): "Diakoni – för vilka och varför? Ett kyrkans dilemma", i Blennerberg, Erik & Hansson, Mats J. (red.): *Diakoni: tolkning, historik, praktik*, Stockholm: Verbum, s. 231–247.
- Fæhn, Kristin (2002): "Tilfeldighetenes spill?" *En beskrivelse og analyse av diakonien i Den norske kirke, belyst ved seks vedtak og forordninger 1949–1986*, Oslo: Hovedoppgave kristendomkunnskap, Universitetet i Oslo.
- Gustafsson, Göran (2000): "Värdegemenskapen kring de nordiska folkkyrkorna", i Gustafsson, Göran & Pettersson, Thorleif (red.): *Folkkyrkor och religiös pluralism: den nordiska religiösa modellen*, Stockholm: Verbum, s. 97–133.
- Gustafsson, Göran & Pettersson, Thorleif (2000): *Folkkyrkor och religiös pluralism: den nordiska religiösa modellen [Folk churches and religious pluralism: The Nordic religious model]*, Stockholm: Verbum.
- Hall, Christine (1992): *The Deacon's ministry*, Leominster: Gracewing.
- Hartley, Benjamin L & Buren, Paul E. Van (1999): *The Deacon: Ministry through words of faith and acts of love*, Nashville, Tennessee: United Methodist Church, General Board of Higher Education and Ministry, Division of Ordained Ministry, Section of Deacons and Diaconal Ministries.
- Jeppsson Grassman, Eva (2001): *Socialt arbete i församlingens hägn [The social work of religious communities]*, Stockholm: Verbum.
- KA (2005): *Lønns- og personalstatistikk 2004 for kirkelige arbeidstakere*, Oslo: KA Kirkelig arbeidsgiver- og interesseorganisasjon.
- Kluge, Liv (1980): *Sosialhjelp før og nå*, Oslo: Fabritius.
- Kyrkjemøtet (2004a): *Den norske kyrkjas identitet og oppdrag: Fråsegn frå Kyrkjemøtet 2004*, henta 20.2.2009 frå <http://www.kirken.no/?event=doLink&famID=3198>.
- Kyrkjemøtet (2004b): *Tjenesteordning og kvalifikasjonskrav for diakoner*, henta 25.10.2005 frå <http://www.lovdatab.no/cgi-wift/ldles?doc=/sf/sf/sf-20041120-1895.html>.
- Kyrkerådet (1988): *Plan for diakoni i Den norske kyrkja*, Oslo: Kyrkerådet.
- Kyrkerådet (1997): *Plan for diakoni i Den norske kyrkja* (2. utg.), Oslo: Kyrkerådet, Den norske kyrkja.
- Kyrkerådet (2002): *Satsingsområder for Den norske kirke 2002–2005: et ressursdokument til hjelp i den videre strategi- og planprosess: vedtatt av Kirkemøtet 2001*, Oslo: Kyrkerådet, Den norske kyrkja.
- Kyrkerådet (2008): *Plan for diakoni i Den norske kyrkja*, Oslo: Kyrkerådet, Den norske kyrkja.
- Lindgren, Mats (1992): *Församlingsdiakonin inför framtiden*, Stockholm: Ersta.
- Nordiska ekumeniska rådet (1995): *Diakonaten i olika kyrkotraditioner*, Uppsala: Nordiska ekumeniska rådet.
- Olofsgård, Katarina (2003): *Professionell eller perspektivbärare? Om diakoners yrkesidentitet*, Institutionen för socialt arbete, Ersta Sköndal högskola, Stockholm.
- Olson, Jeannine E. (1992): *One ministry many roles: deacons and deaconesses through the centuries*, St. Louis, Mo.: Concordia Publishing House.
- Rognstad, May-Karin (2006): *Nursing students' motivation and socialization: a prospective, unbalanced cohort study of nursing students from study time into working life*, Medisinsk fakultet, Universitetet i Oslo.
- Sandahl, Christina (1998): *Diakonens arbete – en studie av innehållet i diakonens arbete och styrdokumentens påverkan*, Institutionen för pedagogik, Göteborgs universitet, Göteborg.
- Skarsaune, Oskar (1976): "Diakontjenestens fremvekst og særpreg i den gamle kirke", i Aarflot, Andreas (red.): *Diakoni og kirke*, Oslo: Luther, s. 69–86.
- St.meld. nr. 35 (1994–1995) *Velferd mot 2030 (Velferdsmeldingen)*, Oslo: Sosial- og helsedepartementet.
- Sundback, Susan (2000): "Medlemskapet i de lutherska kyrkorna i Norden", i Gustafsson, Göran & Pettersson, Thorleif (red.): *Folkkyrkor och religiös pluralism: den nordiska religiösa modellen*, Stockholm: Verbum, s. 34–73.

Noter

- 1 Takk til Alf B. Oftestad for konstruktive bidrag til den historiske delen av framstillinga.
- 2 Kjelda er Det norske diakonforbund. er Det norske diakonforbund. Lønns- og personalstatistikk for Den norske kyrkja som Kirkelig arbeidsgiver- og interesseorganisasjon utarbeider, opererer med eit tal på diakonstillingar som er ein god del lågare, 196 i 2004 (KA 2005). Det er ikkje klart kva som er årsak til den store skilnaden. Men sjølv med KA sitt tal på stillingar vil talet på kyrkjelydar som har diakonteneste vera ein god del høgare, i tråd med det eg har argumentert for i hovudteksta.

**Appendiks
 Profilar som gjeld diakonisyn i kyrkjelydane, faktoranalyse med skeivrotasjon (N=535).**

	Faktorar			
	1	2	3	4
<i>Politisk og naudsorientert profil (30%):¹</i>				
Vi mener det er viktig å arbeide med miljøspørsmål	.788			
Vi mener det er viktig å engasjere seg i arbeid for menneskerettigheter og en rettferdig fordeling av goder	.784			
Vi mener det er viktig å engasjere seg i bistand og bistandsspørsmål	.716			
Vi mener det er viktig å drive politisk påvirkning for helse- og/eller sosialreformer	.570			
Vi mener det er viktig å drive krisetelefon	.504			
Vi mener det er viktig å drive sosialt arbeid blant sosialt utstøtte	.488			
Vi mener det er viktig å delta i kommunale samarbeidsgrupper	.488			
Vi mener det er viktig å delta i lokalt kriseteam	.470		.403	
Vi mener det er viktig å være de svakes røst i norsk offentlighet	.463			
Vi mener det er viktig å drive arbeid blant flyktninger/asylsøkere	.463			
Vi mener det er viktig å drive familiearbeid	.412			
<i>Kyrkjeleg orientert profil (8%):</i>				
Vi mener det er viktig å drive barnegruppe, sangkor for barn		.760		
Vi mener det er viktig å organisere alfakurs-/grupper		.711		
Vi mener det er viktig å arrangere bønnegrupper		.653		
<i>Omsorgsorientert profil (6%):</i>				
Vi mener det er viktig å drive besøkstjeneste			.677	
Vi mener det er viktig å organisere sorggrupper			.643	
Vi mener det er viktig å drive oppsøkende sosialt arbeid			.539	
Vi mener det er viktig å arrangere sosiale treff for eldre			.521	.375
Vi mener det er viktig å drive sosialt arbeid blant rusmisbrukere			.510	
Vi mener det er viktig å drive ungdomsdiakonale tiltak			.438	
Vi mener det er viktig å utøve omsorg for syke			.429	
Vi mener det er viktig å arrangere diakonale gudstjenester			.427	
Vi mener det er viktig å organisere diakonale grupper/diakonale grupper i konfirmantundervisning			.381	
<i>Institusjonsorientert profil (5%):</i>				
Vi mener det er viktig å drive eldresenter				.714
Vi mener det er viktig å drive barnehage				.668
Ekstraksjonsmetode: Principal Component Analysis. Rotasjonsmetode: Oblimin med Kaiser-normalisering.				

¹ Prosenttalet i parentes er eit uttrykk for kor stor del av den samla variansen som faktoren forklarar. I alt forklarar dei fire faktorane 49 prosent av den samla variansen.

Samandrag

Artikkelen handlar om det lokale velferdsarbeidet, diakonien, som vert organisert med utgangspunkt i kyrkjelydane i Den norske kyrkja. Kva tyder det å ha diakon for kva profil dette arbeidet slik det vert tenkt om det i kyrkjelydane og ut frå praksis? Dette vert undersøkt både i kontrast til det å ha (berre) såkalla diakoniarbeidar, oftast ein person utan formell kompetanse på feltet, og det ikkje å ha nokon av desse funksjonane. Resultata er baserte på analyse av svara på strukturerte spørjeskjema frå alle bispedøma unntatt Tunsberg. Faktoranalyse viser at vi kan skilje mellom ulike diakonale profilar i kyrkjelydane. Det å ha diakon tyder meir for den diakonale praksisen i kyrkjelydane enn tenkinga om kva som er viktige område for innsatsen, og meir for nokon av profilane enn andre. Undersøkinga viser også at gjennomgåande tyder det å ha diakon meir for velferdspraksisen enn det å ha diakoniarbeidar.